



Saksframlegg

Saksnr:	Utval:	Dato
	Teknisk utval	

Sakshandsamar:	Teknisk, miljø og landbruk	Ottar Myrtveit		
Avgjerslemynde:		Arkivnr.: 18/353	Klassering:	

Rådmannen sitt framlegg til vedtak på revidert gåseplan for Masfjorden: 2019 - 2024

Teknisk Utval godkjenner at forvalningsplan for gås 2019 – 2024, vert lagt ut til offentlig høyring i medhald av forvaltningslova.

Det vert vist til FORVALTNINGSPLAN FOR GÅS I MASFJORDEN KOMMUNE og Rapport nr 532.

Saksopplysningar:

1 Bakgrunn

TU (Teknisk Utval) godkjente i Sak: 18/353 dat. 23.05.2018, rådmannen sitt forslag til å løyva 40.000,- til revidert gåseplan for Masfjorden. Landbrukskontoret har kontakt Arnold Håland v/NNI Resources AS, som har utarbeida ein: *Gåseplan for perioden: 2019 – 2024* samt ein rapport (NNI 532) om *Grågås Anser anser i Masfjorden kommune, Hordaland. Hekkebestand – status og trend i 2018*, sjå vedlegg.

2 Høyring

Kommunen sende ut eit orienteringsbrev til alle som søkte produksjonstilskot (71 stk) den 13.06 2018. Då orienterte ein om oppstart på ny gåseplan med orientering om status for planarbeidet, litt info om gåsebestanden generelt, samt eit svarskjema som grunneigarane kunne vidaresenda NNI eller kommunen.

3. Uttale

Planen vert sendt fylkesmannen Vestland på høyring etter vedtak i TU.

4. Fakta

Kommunen hadde ein godkjent gåseplan gjeldande frå: **2008 – 2012**. Då denne er forelda har me starta prosessen med ny plan og Arnold Håland har føreteke feltarbeid sumaren 2018 og hatt hatt synfaringar og diskutert med grunneigarar der det er mest gås. Vidare baserer ein seg på nemnde plan og ei rekkje prosjekt/rapportar om tema gås over heile landet samt nedover i Europa, sjå vedlegg.

Kommune hadde eit ope orienteringsmøte 11.09.2018 på kommunehuset der spesielt produksjonstilskotsøkjarane vart invitert. Arnold Håland og Ottar Myrtveit orienterte om oppstart og gjennomføring av arbeidet med ny forvaltningsplan for gås i Masfjorden kommune. Forvaltningsmessig og politisk forankring. Kva veit me og kva forvaltningsmessige utfordringar står ein ovanfor.

Vidare ei orientering om ansvar, støtteordningar og moglegheiter me har for ulike forvaltningstiltak. Også om ansvar og moglegheiter hjå sentrale, regionale (Fylkesmannen) samt lokalt myndigheiter.

5 . Vurdering

Forvaltningsplanen for gås saman med rapport NNI 532, gjev kommunen eit godt verktøy til kunna forvalta grågåsa på ein mykje betre måte. Landbruket på dei nemnde plassane i planen er tidvis mykje plaga med grågås som beitar på slåtteareal og ein har bevisleg avlingstap. For mykje beiting medfører til slutt også eit kvalitetstap som resulterer i eit økonomisk tap før bøndene det gjeld.

Ved å nytta regelverket og planen slik den er tenkt, kan ein no gjera fleire grep og tiltak samstundes. Gåsa skal forvaltast på ein god måte, så ein vil freista å bruka dette verktøyet betre. Tiltak som framskunda jakt, mykje betre samordna jakt, eggpunktering (før 15.04) vil vera til hjelp for å redusera lokal stamme. Gjerding, skremming med hund, «hylaren» el. bør også prøvast ut fortsatt. Tidlegare hadde kommune ordningar gjennom RMP (Regionalt MiljøProgram) med tilskot til dei som hadde avsett skremme- og friområder. Dette må vurderast på ny og kanskje fylkesmannen avset midlar igjen til liknande tiltak.

6. Konklusjon

Masfjorden kommune godkjenner gåseplanen frå NNI Resources AS v/Arnold Håland, gjeldande i perioden: 2019 - 2024

Ikkje vedlagte saksdokument:

Doknr	Type	Dato	Tittel på saksdokumentet
Doknr	Type	Dato	Tittel på journalpost

Vedlagte saksdokument:

Forvaltningsplan gås i Masfjorden 2019 - 2024 - ut (L)(117815)	58893	12.03.2019
--	-------	------------

Vedlagte saksdokument:

Oppdatert rapport om grågås i Masfjorden 2018 (L)(116163) 58894

12.03.2019